ALVER
KOMMUNE

Stendal Vvs As
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:GBM87Q-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 21.06.2023 |
| Vår: 21/991 - 23/49926 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Foreløpig svar på rørleggermelding - Gbnr 315/19 Hopland

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | Endring av tilknyting frå fritidsbustad til bustad |
| **Byggjestad:** | Hoplandsvegen 107 – Gbnr 315/19 |
| **Tiltakshavar:** | Artur Sebastian Gawedzki |
| **Ansvarleg søkjar:** | Stendal Vvs AS |

Alver kommune stadfester å ha motteke søknad om endring av tilknyting frå fritidsbustad til bustad.

Alver kommune har fått opplyst om at tiltakshavar framleis ikkje har fått på plass tinglyst rett til å knytte seg på privat fellesleidning. Privat fellesleidning er i dag eigd av Gbnr **315/23**, Gbnr **315/22**, Gbnr **315/9**, Gbnr **315/17** og Gbnr **315/14**. Tiltakshavar har, per dags dato, berre innhenta tinglyst rett til å knytte seg på Gbnr 315/14 sin private stikkleidning og ikkje fellesleidninga.

Før kommunen kan handsame søknad om endring av vassforbruk frå fritidsbustad til bustad, skal vi nå sikre at tiltakshavar har rett til å nytte privat fellesleidning.
Rettigheita skal sikrast i form av tinglyst erklæring om «felle solidarisk ansvar for privat leidningsnett». Alle eigarane skal signere på avtalen saman med tiltakshavar.

Da vi har registrert at Gbnr 315/11,12 er i ein prosess med å få knytte seg på fellesleidninga, skal denne eigedomen også takast med i avtalen. Rett til å knytte seg på fellesleidninga kan samordnast med eigar av Gbnr 315/11,12.

**Tiltakshavar sin plikt:**
Tiltakshavar har plikt til å sikre at hans eigedom har dei nødvendige rettigheitene før rørleggar koplar eigedom på kommunalt vatn. Plikta gjeld uavhengig av om kommunen krev kopi av tinglyst rett. Vi gjer merksam på at kommunen sitt løyve berre gjeld i tilknytingspunktet på den kommunale leidninga. Løyve forutsett at privatrettslege avtaler er på plass.

Kommunen ber om at tinglyst erklæring om felles solidarisk ansvar for felles leidning vert sendt inn snarast og seinast innan 01.08.2023.

Inntil slik avtale ligg føre vil søknad om endring av vassforbruk frå fritidsbustad til bustad verte lagt på vent.

Legg ved forslag til avtale.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Torkjell Holm Brenna | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Erklæring om felles solidarisk ansvar Hoplandsvegen

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Artur Sebastian Gawedzki | Hoplandsvegen 107 | 5918 | FREKHAUG |
| Byggesak v/sakshandsamar | | | |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Stendal Vvs As | Blombakken 1 | 5911 | ALVERSUND |